



PLAN FOR DEMOKRATI

vedtak 13/2019



Vanylven kommune

04.02.2019

Kommunestyret handsama i møte den 04.02.2019 – sak 13/2019.
Følgjande vedtak vart fatta: Plan for demokrati vert godkjent slik den ligg føre

22.01.2019:

Endeleg framlegg for godkjenning. Tilføyning på tiltak “Frivillighet: Dialog og samhandling”:
Eigne dialogmøte med enkelte organisasjonar som ber om det.

04.12.2018

Formannskapet handsama i møte den 04.12.2018 – sak 176/2018. Følgjande vedtak vart fatta:
I samsvar med pbl. § 11-14 vert 1. utkast til plan for demokrati lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker.

28.11.2018

Samordna utkast som omhandlar nærdemokrati, borgarinvolvering og frivilligpolitikk,
med eigen handlingsplan for 2019.

Oppfølging av plan for frivilligpolitikk (sak 112/2017), to fellesmøte i 2018.

Oppfølging av strategi for nærdemokrati og borgarinvolvering (sak 18/2017),
to fellesmøte og 15 bygdemøte i 2018

OVERSIKT

FORORD

1 Nærdemokrati og borgarinvolvering	4
1.1 Innleiing	4
1.2 Mål med strategi for nærdemokrati	6
1.3 Prinsipp og prosedyre	7
2 Frivilligheit	9
2.1 Innleiing og mål	9
2.2 Definisjon frivillig sektor	10
2.3 Strategiar for å nå målet	10
2.4 Satsing på frivilligheit	11
TILTAKSPLAN	14

Vedlegg knytt til demokrati:
Reglement for politisk delegasjon
Reglement for formannskap
Reglement for kommunestyre
Reglement for handsaming av habilitetsspørsmål
Reglement for lukking av møte

Retningslinjer for tildeling av kulturmidlar

Kommunedelplan for anlegg for idrett og friluftsliv
Kulturminneplan (under arbeid pr des. 2018)

Vanylven kommune er innbyggjarane.

At vi som lever her har høve til å påverke, er sentralt i vårt lokaldemokrati.

Det er god samfunnsbygging når innbyggjarane får påverke forhold rundt eige liv og kvardag, og når innbyggjarane kan bidra med lokal kunnskap.

Det gjeld ikkje berre i samband med lovpålagde høyringar, men generelt når vi gjer små og store vegval.

Slik står vi betre rusta til å skape gode lokalsamfunn saman!

1.1

INNLEIING

Engasjement frå innbyggjarane kan vere både eit mål og eit middel :

· Eit mål, fordi aktive innbyggjarar som tek ansvar, bidreg og utfordrar skaper sunne og vitale lokaldemokrati med deltaking og engasjement. · Eit middel, når formålet med deltaking er å dra nytte av den kunnskap og innsikt innbyggjarane har, og dermed kunne ta betre avgjerder

Begge deler er viktig.

Dersom vi allereie involverer innbyggjarane, kvifor er det eit behov for ein strategi for nærdemokrati? Det er fleire grunnar:

- Utviklinga i samfunnet og auka endringstakt gjer oppgåvene til kommunane både fleire og meir komplekse. Mange kommunale oppgåver påverkar direkte innbyggjarane sitt daglegliv. Gjennom medverknad kan innretning og prioritering påverkast

- Over tid er det ei pågåande utskifting av både politikarar og kommunalt tilsette. Ein strategi for nærdemokrati kan vere eitt av fleire verktøy for å sikre kontinuitet, der ein tradisjon med dialog og deltaking blir vidareført og utvikla over tid.

- Innbyggjarane sitt ønskje om og vilje til å vise engasjement, samt å delta i den lokale samfunnsdebatten og ta ansvar, er ein føresetnad for sunn utvikling av demokratiet.

Strategien skal sikre nødvendig politisk merksemd og tilstrekkeleg ressursar for å involvere innbyggjarane. Slik blir strategien ein naturleg del av den demokratiske styringa, der representativt demokrati er førsetnaden.

På kommunalt nivå er det kommunestyret som har det endelege ansvaret i avgjerdsprosessane. God borgarinvolvering er heilt sentralt for å gje eit betre grunnlag for avgjerslene.



Døme på dialog og involvering i Vanylven kommune:

• Brukarpanel • Dialogmøte • Digital kontakt • Opne brukarkonferansar

Som det går fram av namnet, handlar denne strategien om nærdemokrati forstått som involvering av innbyggjarane som medborgar med tanke på heilskapen - ikkje borgaren som enkeltperson eller som brukar av kommunale tenester.

Brukar eller borgar? Som samfunnsborgarar er vi alle i ulike samanhengar brukarar av samfunnet sitt tenestetilbod. Likevel kan vi skilje mellom borgar som handlar som medborgar, og borgar som handlar ut i frå eit brukarperspektiv. Og det er nettopp perspektivet som er forskjellen.

Ein medborgar opptretr som ein medlem av (lokal) samfunnet og held seg til samfunnsproblem ut frå overordna haldningar, verdiar og ideal. Når ein borgar til dømes går inn i eit brukarutval, skuleutval eller liknande ut frå eit generelt engasjement i kva verdiar som skal gjelde for dette området, tek borgaren på seg eit ansvar som medborgar.

Ein brukar opptretr som forbrukar av samfunnet sine velferdsytningar og har fokus på kva sørvisytningar samfunnet kan tilby. Det kan til dømes vere ein forelder i ein skule eller ein bibliotek-lånar, som fokuserer på korleis ytinga tilgodeser konkrete behov for vedkommande, ikkje på skulen eller biblioteket generelle forhold og rolle i samfunnet.

Strategien skal vere knytt til overordna strategiar, politikk, planar og prosjekt, som har innverknad på heile kommunen, større deler av kommunen eller for eit lokalområde si generelle utvikling - ikkje saker som berre har interesse for få personar.

Kommunen har sjølv sagt eit mål om eit godt samarbeid med lag, organisasjonar, foreiningar, næringsliv med meir, og det samarbeidet må kommunen naturlegvis vidareutvikle. Dette er imidlertid ikkje emne for denne strategien, der fokus er å ta med den enkelte borgaren som medborgar.

Vanylven kommune har ein nærdemokratiportal: www.vanylven.kommune.no/naerdemokrati - ein felles inngang til alt som skjer innanfor områda borgarinvolvering og nærdemokrati i Vanylven kommune. Dette er eitt av fleire kanalar for å legge til rette for involvering og medverknad.

Borgarinvolvering kan føregå i mange former, alt avhengig av tema og målgruppe. Difor er det utarbeidd ein fleirkanalstrategi som del av handlingsdelen til denne planen, der ulike prosessar og kanalar er skildra, både fysiske og virtuelle.

Delaktighetstrappa (KS folkevalgtheft)

Informasjon: For å kunne delta trengst informasjon. Det inneber å gje innbyggjarane lett tilgjengeleg, balansert og objektiv informasjon som kan hjelpe dei med å forstå problemet og sjå alternati, mulegheiter og/eller løysingar.

Konsultasjon: Konsultasjon handlar om å få innbyggjarane sin respons på analysar, forslag, alternativ, eller å ta imot og handsame innbyggjarane sine synspunkt, førespurnader og klager.

Dialog: Innbyggjarane får høve til på ulike måtar å møte andre for å drøfte spørsmål som handlar om samfunnet si utvikling. Alle skal ha mulegheit til å kome til orde, og innspela vert tekne med i den vidare politiske prosessen.

Innflytelse/medverknad: Innbyggjarane får høve til å delta i ei sak over ei lengre periode, og i denne prosessen får dei medverke når det gjeld å identifisere behov, utvikle alternativ og velje forslag/løysing, som grunnlag for politiske avgjerder.

Medbestemmelse: Det representative demokratiet kan delegere ansvar til nemnder, styre, utvalg, m.v..

Kva er borgarinvolvering?

Borgarinvolvering handlar om å skape engasjement ved utforming av politikk, planar, strategiar og prosjekt, der folk får høve til å fremje sine synspunkt og dermed påverke innhaldet i avgjerder kommunen skal ta.

1.2

MÅL MED STRATEGI FOR NÆRDEMOKRATI**1. Borgarane skal ha høve til å bli høyrde og bli tekne med i forkant av dei politiske avgjerdene**

Borgarane skal ha reelle høve til å delta, og det betyr at:

- Kommunen skal leggje til rette for involveringsprosessar i samband med alle overordna strategiar, politikk, planar og prosjekt. - Spelerommet for medverknad til borgarane skal vere klart frå starten. - Kommunikasjonen i samband med involveringsprosessane skal tilpassast målgruppe og emne. - Det skal alltid skje ei oppfølging og tilbakemelding om den vidare saksgangen til deltakarane i ein involveringsprosess.

2. Borgerane sin kunnskap om lokale forhold skal medverke til å kvalifisere politikarane sitt avgjerdsgrunnlag.

Politikarane har behov for å få tilgang til kunnskap og synspunkt frå ein brei krets av borgarar og aktørar. Det betyr at:

- Alle interessentane skal ha høve til å seie si mening med tanke på eit breitt vedtaksgrunnlag. - Kommunen skal strekkje seg for å få alle relevante partar med – også frå dei gruppene som sjølv ikkje tek kontakt med kommunen.

3. Involvering av borgarane skal føre til større forståing for og medeigarskap til dei politiske avgjerdene

Målet er, gjennom tilrettelagde involveringsprosessar, å skape grunnlag for en høgare grad av forståing når vedtak er fatta, som vil seie at:

- Det skal arbeidast med – gjennom dialog og involvering – å gje borgarane medansvar og medeigarskap i høve til den kommunale oppgåveløysinga. - Borgarane sitt bidrag til debatten skal så langt mogleg vere avleseleg og gjenkjenneleg, enten direkte i vedtaket sitt innhald eller i eit forord eller liknande, der det skal gjerast greie for dei politiske val og prioriteringar som ligg til grunn for den endelege avgjerda.

4. Borgarane sitt engasjement og interesse for medborgarskap skal løftast og det skal arbeidast for å gje borgarane auka innverknad og medansvar.

Det ligg eit viktig dannelsingsaspekt i å fremje borgarane sitt engasjement i utviklinga av kommunen og kjensla av medansvar for fellesskapet. Brei representasjon er ein viktig del av demokratiet, og det betyr at:

- Kommunen skal – gjennom å leggje til rette for involveringsprosessane, søkje å få borgarane til å engasjere seg breitt og tenkje som medborgarar, ikkje berre som brukarar. - Det skal jobbast med å ta med alle befolkningsgruppene, uansett kjønn, alder, etnisitet og borgarleg nivå. - Vanylven kommune ser lokaldemokratiet som ein samfunnsskapande aktivitet, der borgarane sine ressursar blir mobilisert til gagn for fellesskapet. - Dei politiske partia har eit særleg ansvar for å delta, engasjere seg og fungere som formidlarar.

Lovgjevinga sine krav til involvering

- Generelt har kommunestyret den heile avgjerdskompetanse i høve til kommunelova. Dei lovgjevingsmessige krava til borgar- og brukarinvolvering finn ein særleg innanfor bestemte sektorområde.
- Krav til involvering av borgarane eksisterer primært i lovgjevinga på plan- og miljøområdet i samband med vedtak av kommuneplanar og lokalplanar. Resultatet av høyringar er ikkje rettsleg bindande for kommunestyret.
- Krav til involvering av brukarane er kjent mellom anna frå NAV-lova og frå grunnskulelova, der brukarane, foreldre og andre pårørande blir tekne med i drifta av den enkelte eininga via val av representantar til eininga sitt råd.
- Kommunen er forplikta til å setje ned brukar- og pårøranderåd med rådgjevande og innstillande funksjonar i høve til kommunestyret. Det same gjeld med til dømes eldreråd og råd for funksjonshemma.

1.3

PRINSIPP OG PROSEDYRAR

A. Borgarinvolvering skal vere ei obligatorisk vurdering i startfasen av ei oppgåve – der kommunen alltid tek politisk stilling til korleis og i kva omfang borgarane skal takast med.

Ein av føresetnadene for at borgarane med fordel kan mobiliserast til deltaking, er at kommunestyret vurderer kva prosessar som på dei ulike områda kan sikre ei optimal involvering.

Det skal fastsetjast ei prosedyre, som kan sikre at vurderinga finn stad i kvart enkelt tilfelle – både på politisk nivå og i administrasjonen.

Karakteren av borgarinvolvering skal avgjerast i startfasen for kvar enkelt oppgåve. Politikarane sine innleiande vurderingar skal såleis vere med til å avklare: - korleis forma for borgarinvolvering skal vere - kva aktørar som er relevant å ta med på det aktuelle område - kva omfang borgarinvolvering skal ha

Spelerommet for borgarane si påverknad skal alltid tydeleggjerast. Det skal gå fram kvar ein kan påverke og kvar det er avgrensingar på borgarpåverknad, eksempelvis p.g.a. lovgjeving, økonomi eller liknande. Det er avgjerande at det i kvart enkelt tilfelle frå starten av blir gjort tydeleg for alle kva som er til diskusjon, og kva som ikkje er det.

B. Borgarane har rett til å bli høyrd, og dei skal ha reelle høve til å delta

Retten til å bli høyrt omfattar politikk, strategiar, planar og prosjekt, som har brei interesse for innbyggjarane.

Kommuneadministrasjonen har ansvaret for å prioritere på tvers og vege særinteresser mot kvarandre, når eit spørsmål eller ein plan har vore diskutert. Det er difor viktig, at det ved involvering blir sikra at alle interessentar har hatt høve til å bli høyrd.

Det er grupper av borgarar som av ulike årsaker ikkje kan delta i den politiske debatten, der eksempelvis møteform, tidspunkt eller stad kan vere ein barriere for deltaking. Rammene for borgardeltaking må difor tilpassast i høve til dei ulike gruppene sine behov, moglegheiter og lyst til å delta.

Det skal bli gitt nødvendig tid til høyringar, slik at politiske organ får nok tid til ei grunding sakshandsaming.

Sitat fra KS sin idékatalog:

Kommunen skal gjenspegle alle folkegrupper, uansett alder, kjønn, etnisitet og bustad. Folk er ulike. Folk har ulike interesser. Også dei som ikkje brukar å tale i ei sak, skal høyrast.

C. Borgarane skal takast med i prosessen så tidleg som mogleg.

Borgarane skal – der det let seg gjere – ha høve til å prege ei "sak" frå start. Grunnlaget for debatten skal naturlegvis vere tilstrekkeleg utgreidd frå kommunen si side før involvering finn stad. Ved store prosjekt skal det leggjast vekt på at borgaren i startfasen blir invitert til dialog.

Det er generelt viktig at borgaren blir teken med allereie på det tidspunktet i prosessen, der det er mogleg for borgaren både å komme med merknader og å legge fram alternativ til kommunen sitt forslag.

D. Det skal setjast fokus på formidling og kommunikasjon. Nøkkelord: målretta, nødvendig og tilstrekkeleg.

Ein føresetnad for at borgaren skal kunne bidra, er at ein har kjennskap til dei aktuelle tema, prosjekt og saker som kommunestyret ønskjer å få til debatt – det vil seie at ein som minimum veit at prosessen finn stad.

Det skal tenkjast kommunikasjon i heile borgarinvolveringsprosessen. Borgarane skal ha nødvendig og tilstrekkeleg informasjonen ved involveringa. Til dette høyrer tilbaketmeldingar om prosessen si utvikling. Informasjonen skal vere målretta, forståeleg og lett tilgjengeleg.

Kommunikasjonen skal vere open og profesjonell. Kommunikasjonsforma skal tilpassast formålet og vil vere ulike, alt etter om formålet eksempelvis er å informere eller å gå i dialog med borgarane.

I kommunikasjonen skal det alltid vurderast korleis ein når målgruppa, kva kanalar er mest effektive? Skal det kommuniserast via særlege media, via kontaktpersonar eller andre kanalar.

Vanylven kommune har utarbeidd ein fleirkanalstrategi for nærdemokrati og borgarinvolvering i Vanylven kommune. I dette ligg det at ein vurderer ei rekke kanalar, både virtuelle og meir klassiske kanalar i møte med innbyggjarane.

Nærdemokrati-portalen skal utviklast og nyttast til kommunikasjon når det gjeld borgarinvolvering og nærdemokrati. Informasjon om aktuelle debattar, høyringar, dialogmøte m.v. skal samlast på www.vanylven.kommune.no

E. Kommunen sine politikarar og tilsette er ambassadørar og kulturberarar av borgarinvolvering

Strategien skal sikre at involvering av borgarane er ein naturleg og integrert del, både av det politiske og administrative arbeidet i kommunen.

Det skal arbeidast med ei brei implementering av borgarinvolvering i administrasjonen. Utfordringa for forvaltninga er å setje rammene for god involvering og dialog: å gjere det innbydande, lett tilgjengeleg og spennande for den enkelte borgar å kunne delta med nettopp deira erfaringar og føresetnader.

Dei tilsette skal hjelpe prosessen når det gjeld borgarinvolvering og nærdemokrati, og vere med på å utvikle nye demokratiformer, enten det er snakk om å yte hjelp til å setje i gang borgarinitierte prosessar i lokalområdet eller generelt å yte konsulentbistand når det gjeld emne innanfor demokrati og borgarinvolvering.

F. Prosessar, metodar og fagleg kompetanse skal fortløpande evaluerast med tanke på justeringar og forbetringar

Formålet med evalueringa er å etterprøve i kor stor grad, korleis og i kva samanhengar kommunen lever opp til strategien sitt mål.

Evalueringa skal vere retta mot hovudaktørane: borgarane, politikarane og kommunen sine tilsette.

Målet med evalueringa er å følgje utviklinga i arbeidet med eit styrka nærdemokrati. Til dette høyrer også å avklare behovet for eventuelle justeringar og forbetringar undervegs via dokumentasjon og kunnskap for å skape eit overblikk, som formidlast til borgerane, politikarane og den kommunale organisasjonen.

Første fase vil vere ei evaluering av om organisasjonen arbeider som føreset i strategien. Dernest vil det i løpet av valperioden 2018–2019 bli gjennomført ei evaluering av borgarane og politikarane sine opplevingar når det gjeld involvering, påverknad og medansvar.

Både KS sitt idéhefte og referat fra workshops til politikarane kan ein finne på kommunen si webside for nærdemokrati: www.vanylven.kommune.no/naerdemokrati

Hovudbodskapen frå KS sitt idéhefte

- Kommunikasjon må vere meir målretta
- Det bør vere eit spesielt fokus på involvering /mobilisering av grupper som elles kan vere vanskeleg å få i tale
- Unge menneske bør ha særleg fokus for å auke interessa for lokaldemokratiet
- Innbyggjarane sitt engasjement bør skje tidleg i prosessen og vere ekte og det må vere klart at innspel frå innbyggjarane blir teke omsyn til når avgjerder blir tekne.

Sitat frå arbeidsmøte:
Politikarane og administrasjonen er begge partar, ambassadørar og kulturberarar av borgarinvolvering.

Sitat fra KS sin idékatalog:
Utan god informasjon, ingen engasjement.

Alle borgarar får mykje informasjon frå mange forskjellige stadar – vi skal fram til den vesentlege informasjonen og den gode formuleringa.

Sitat fra KS sin idékatalog:
Borgaren skal bli teken med både før, under og etter ei avgjerd er teken. Det gjev borgaren høve til å følgje heile prosessen, få reell påverknad undervegs, samt betre å forstå den endelege avgjerda. Borgaren vil i høgare grad føle eigarskap for saka.

Vanylven kommune ønskjer å vere ein støttespelar og tilretteleggar for ein levande, mangfaldig og uavhengig frivillig sektor.

2.1

INNLEIING

Vanylven kommune har eit stort tal frivillige som deltek i eit mangfald av aktivitetar og bidreg med store ressursar til lokalsamfunnet. Frivillig arbeid gir moglegheiter til å bruke evnene sine og kompetansen til glede for andre, og frivilligheit skaper fellesskap og gjer menneske godt. Drivkrafta i frivillig sektor og i frivillig engasjement er eit ønskje om å få halde på med aktivitetar som gir mening.

2.1.1 Politiske føringar

Sentralt

St. meld. Nr. 39 (2006-2007) Frivillighet for alle tilrår alle kommunar å etablere nært samarbeid med frivillige organisasjonar og utvikle ein heilskapleg frivilligpolitikk. Rapporten viser til forskning som seier at sjølv om fleire kommunar i dag har ei omfattande og variert samhandling med frivillig sektor, er det i dei fleste kommunar ei manglande forståing for kva rolle dei frivillige kan og bør spele i kommunane. Manglande koordinering, rutinar og informasjon flyt synest å vere nokre av hovudutfordringane.

Regionalt

I fylkesplan for Møre og Romsdal 2013-2016 er det sett som mål at frivillige lag og organisasjonar skal vere berekraftige og offensive i sine lokalsamfunn. Fylkesplanen seier vidare at «Kulturaktivitet og kulturoppleving er ein berebjelke for lokal identitet, trivsel og utvikling. Frivillig engasjement og innsats blir i stor grad teke for gitt, og det er viktig at kommunane har ein gjennomtenkt frivilligpolitikk. Det frivillige arbeidet bør ha gode rammer for å blomstre i lokalmiljøa og ha ei tydeleg rolle i kommunen som fellesskap. Det vil vere viktig å arbeide for ein inkluderande profil og låge deltakaravgifter i frivillige lag og organisasjonar, slik at flest mogleg kan delta».

Lokalt

Det er registrert 68 foreiningar frå Vanylven i Brønnøysundregistra. I tillegg har ca 30 uregistrerte lag/organisasjonar som har søkt og fått stønad frå kommunen sine kulturmidlar. Basert på dette kan ein legge til grunn at det er minst 100 aktive lag og organisasjonar i kommunen.

Kommunen sin dialog med dei frivillige organisasjonane består i dei fleste tilfelle av årleg søknadsbehandling, der det vert tildelt stønad etter kriteria. Vanylven kommune yter ca. kr 250.000 årleg til frivillige lag og organisasjonar.

2.1.2 Målsettingar

Plan for frivilligpolitikk skal vere ei plattform for samspel og samarbeid mellom frivillig og kommunal sektor.

Planen skal fastsette prinsipp og handlingar for å styrke relasjonane og skal vere ein arena for inkludering på tvers av etnisk, religiøs og sosial tilhøyrse.

Siktemålet er ikkje å regulere frivillig sektor, men snarare å gje sektoren anerkjenning og understreke sektoren sitt sjølvstende. Det skal leggest til rette for ein livskraftig frivillig sektor med gode og føreseielege vilkår.

Mål

Planen skal:

1. Systematisere innsatsen på frivilligfeltet
2. Gje ei oversikt over alle frivillige lag og organisasjonar
3. Verdsette frivilligheit og legg til rette for større mangfald
4. Utgreie aktuelle arenaer for dialog og samhandling slik at kommunikasjonen mellom dei frivillige og kommunen vert enklare
5. Legge til rette for gode møteplassar
6. Legge til rette for samskaping mellom frivillige og kommunen på samfunnsområde

Delmål

Det er eit stort mangfald av frivillige i Vanylven kommune. For å få ei betre oversikt over kva desse målsettingane får å bety for den enkelte frivillige, er det utforma delmål og strategiar for å nå desse delmåla for områda:

1. kultur
2. idrett
3. barn og unge
4. rekreasjon og sosiale foreiningar
5. lokalsamfunnsutvikling
6. levekår

2.1.3 Dialogsamlingar

Dialogsamlingane skal vere ein møteplass for frivillige lag og organisasjonar i arbeidet med å utvikle planen. Kva behov og forventningar har dei frivillige, og kva moglegheiter er det for samarbeidet med kommunen og andre lag og foreiningar? Kartlegginga har gitt verdifull dokumentasjon og informasjon og er eit viktig grunnlag for det vidare arbeidet.

Der har vore gjennomført to møte i 2018:

26.06.2018: nærmare 40 deltakarar, rådmannen gjekk igjennom arbeidsgrunnlaget for "Plan for frivilligpolitikk":
18.09.2018: nærmare 40 deltakarar, innlegg frå fylkeskultursjef Heidi Iren Wedlog Olsen.

Oppsummeringar frå møta har vore lagt fram for livsløpsutvalet.

2.2

FRIVILLIG SEKTOR

2.2.1 Kva er frivillighet og kven er dei frivillige?

Det er viktig at kommunale vedtalsføre og frivillige samarbeidspartnarar har ei mest mogleg samstemt oppfatning av kva som er meint med frivillighet.

Frivillighet Norge definerer frivillig virke som virksomhet som for det vesentligste er basert på innsamlede midler og/eller frivillig tidsbruk, og som har et ikke-kommersielt formål.

Frivillig og offentleg sektor har grunnleggande ulike roller og ansvar, likevel er det ei gråson. Måla kan vere dei same, og ein opererer på same felt, men verkemidla og rollene er ulike og komplementære. Samarbeidet mellom frivillig og kommunal sektor må bygge på prinsippet om at frivillig sektor skal supplere og utfordre - og ikkje erstatte kommunale tenester.

2.2 Utviklingstrekk innan frivillighet

Vi er ein nasjon av dugnadsentusiastar som skaper store verdiar i samfunnet. Men undersøkingar viser at frivillig sektor er i endring. Nokre utviklingstrekk er tydelege:

- Det blir større konkurranse om folk si tid, og resultatet er at frivillige ønskjer å yte tidsavgrensa innsats, og at denne innsatsen endrar seg med livssituasjon og alder. Resultatet er at mange lag og foreiningar stagnerer og slit med å rekruttere nye medlemmer. Folk søker ikkje i same grad livslange medlemskap i frivillige og humanitære organisasjonar, men tek gjerne del i meir intense og kortvarige prosjekt i regi av dei same organisasjonane. Det er mindre forpliktande og tidkrevande.
- Færre vil ta på seg styreverv. Dette skjer samtidig med at andelen passive medlemskap aukar nasjonalt. Det er også seinare åra kome til meir administrasjon i form av søknader, rekneskap og rapportar i frivillig sektor, noko som gjer arbeidet meir komplekst.
- Frivillighet er i aukande grad ein arena for dei ressurssterke, medan personar med lav inntekt, utdanning og svak tilknytning til arbeidsmarknaden oftare fell utanfor.
- Når innbyggjarar ønskjer å engasjere seg, skjer det i aukande grad i eige nærmiljø.
- Fleire «shoppar» i organisasjonslivet. Dei ser an kvar dei trivst best, kva som finst av aktivitetar eller kvar barna har flest vener.
- Nokre vil heller betale enn å utføre dugnad. Men frivilligheita treng timeinnsats.
- Virtuell frivillighet (frivillighet på nett) er på frammarsj, i form av støttegrupper, diskusjonsforum m.m. Lag og organisasjonar må forholde seg til sosiale media, der forventinga er rask respons og kontinuerlig oppdatering.

2.3

STRATEGIAR FOR Å NÅ MÅLET

Mål 1: Systematisere innsatsen på heile frivillighetsfeltet i Vanylven kommune

Strategiar for å nå målet:

- Plan for frivilligpolitikk må vere forpliktande i alle ledd.
- Det skal vere fast kommunal kontaktperson for frivillig sektor og ressursar til oppfølging.

Mål 2: Gje ei oversikt over alle registrerte/aktive frivillige lag og foreiningar

Strategiar for å nå målet:

- Oppdatert register. Det er utforma ei oppdatert liste over lag og organisasjonar, Kulturkontoret har utvikla eigen nettportal som synleggjer aktiviteten til alle lag og organisasjonar.

Mål 3: Vise korleis Vanylven kommune verdset frivillig arbeid og som legg til rette for større mangfald

Strategiar for å nå målet:

- Vanylven kommune ønskjer å gje dei frivillige aksept. Det skal leggest betre til rette for felles dialogsamlingar, kurs og seminar for frivillige.
- Vanylven kommune vil prioritere og styrke frivillighet som har fokus på inkludering i sitt arbeid, og vil ha som målsetting at flest mogleg tilbod skal vere kjende og tilgjengelege for alle.

Mål 4: Utgreie aktuelle arenaer for dialog og samhandling slik at kommunikasjonen mellom dei frivillige og kommunen vert enklare

Strategiar for å nå målet:

- Forenkling av søknader og rapportering. Som ein del av planprosessen vert eksisterande ordningar evaluerte, både kriteriane for tildeling og saksbehandlingsrutinar. Det skal arbeidast for ein meir målretta bruk av frivillighetsmidlane (dagens kulturmidlar), og stønadsbeløpa bør aukast monaleg

Mål 5: Legge til rette for gode møteplassar

Strategiar for å nå målet:

- Etablere frivilligsentral? Det er viktig at kommunestyret tek stilling til eventuell etablering av frivilligsentral i eiga sak, basert på dei moment som kjem fram i arbeidet med frivilligpolitikken. Det må vere ei viktig målsetting at frivilligsentralen skal samarbeide om å motivere frivillige i lokalmiljøet.
- Andre møteplassar. Temadag som ønskjer auka fokus på nærmiljøaktivitetar? Det kan vere aktuelt å etablere ein Naturdag eller eit knippe Miljøsøndagar, og gjere desse arrangementa til samarbeidsprosjekt for frivilligheita i kommunen og eventuelt saman med kommunen sjølv.
- Oppdaterte nettsider med oversikt over frivillig sektor og fylldig omtale om frivilligtilbodet vil hjelpe godt på, også for tilflyttarar.

2.4

SATSING PÅ FRIVILLIGHEIT I VANYLVEN

4.1 Kultur

4.1.1 Overordna målsettingar

Frivilligheita på kulturområdet er brei. For enkeltpersonar handlar dette ofte om ei aktiv deltaking i lokalsamfunnet, med positive effektar for personleg utvikling, sosialisering og nettverk. I eit litt større bilete bidreg frivilligheita til at kommunen og regionen si befolkning får ta del i store kulturelle opplevingar. Vanylven treng aktive, inkluderte og engasjerte innbyggjarar, som er med og skaper levande lokalsamfunn.

4.1.2 Organisering og kjenneteikn

Kulturfrivilligheita er kjenneteikna av at ein er med av fri vilje og at ein er engasjert av lyst. Kommunen stiller øvings- og aktivitetsrom til disposisjon i heile kommunen. Det er få lovpålagde oppgåver på kulturfeltet utanom kulturskule og bibliotek. Dermed står kommunen i stor grad fritt til å gjere sine prioriteringar og satsingar. Uavhengigheita går også andre vegen; kommunen skal prøve å halde armlengdes avstand i høve til kva som blir produsert av kulturinnhald.

4.1.3 Utviklingstrekk og utfordringar

Feltet er prega av fleire av dei same utviklingstrekk som andre område. På den andre sida er nokre utviklingstrekk positive for deler av kulturfeltet. Ønskje om korttidsengasjement passar godt til mellom anna for festivalarbeid, bygdedagar og prosjekt.

Det vil verte endå vanskelegare å rekruttere deltakarar og engasjerte leiarar som vil ta ansvar over tid, og det er allereie ei utfordring å finne frivillige til kvardagskulturen.

4.1.4 Delmål

1. Auka kompetanse

Frivilligheita er i endring, og det trengst stadig påfyll for å tilrettelegge for enkeltpersonar si deltaking og for å gjere organisasjonane gode, på personleg nivå; læring, meistring, sosialisering, eller på organisatorisk nivå: økonomi, marknadsføring, rekruttering, osv.

2. Betre finansiering

Finansiering kan primært betrast ved å verte flinkare til å utnytte. Dei kommunale tilskotsordningane må vere lette å søkje på, med moderat dokumentasjonsplikt, og sakshandsamar skal gje direkte råd til søkerar som ber om det. Aktørar med klare ambisjonar bør gjevast høve til å utvikle seg.

3. Rekruttere frivillige

Det trengst stadig nye frivillige, og det er viktig å vere bevisst på dei viktigaste motivasjonsfaktorane og tilrettelegge for engasjement med utgangspunkt i desse. Kommunen ønskjer tydelegare å vise si anerkjenning overfor dei som legg ned ein stor innsats. Ein årleg frivilligdag og tettare oppfølging av frivilligfeltet vil kunne bidra til dette.

4.2 Idrett

4.2.1 Overordna målsetjingar

Gode rammevilkår er ein vesentleg faktor når det gjeld motivasjon til frivillig arbeid. Det er difor viktig for Vanylven kommune å legge til rette for frivillig arbeid innanfor idrett gjennom å sikre gode og føreseielege rammevilkår for idrettslaga.

4.2.2 Organisering og kjenneteikn

Frivilligheit er idretten sin viktigaste grunnstein, og den frivillige innsatsen er ein føresetnad for drift av og aktiviteten i idrettslaga både i Vanylven og landet over. Eit kjenneteikn ved den frivillige innsatsen innanfor idretten er at den i stor grad vert utført av foreldre, som på denne måten gjer ein innsats for eigne barn og deira vener. Det er også slik at ein høgare andel av dei frivillige i idrettsorganisasjonane har barn enn det som er tilfelle for frivillige i andre lag og foreiningar.

Dagleg drift i idretten er kjenneteikna ved at det er dei aktivitetsorienterte arbeidsoppgåvene (trening, oppmann, støtteapparat) som krev mest. Dette utgjer godt over halvparten av det frivillige arbeidet. Medan administrative arbeidsoppgåver (dagleg leiing og rekneskap) utgjer i underkant av ein fjerdedel av det totale frivillige arbeidet. Utover den daglege drifta vert det også lagt ned betydeleg med frivillig arbeid under ulike idrettsarrangement. Utover nokre mindre tilskot opererer Vanylven kommune med «gratisprinsippet» som ein berebjelke i idrettspolitikken. Det går ut på at kommunen stiller sine idrettsanlegg til disposisjon til den organiserte idretten. Kommunen er elles representert i Vanylven idrettsråd.

4.2.3 Utviklingstrekk og utfordringar

På nasjonalt plan er omfanget av frivillig innsats på idrettsområdet veldig stabilt, medan det for Vanylven sin del er synkande aktivitet grunna minkande barnetal over tid. Framleis er det slik at norsk idrett er heilt avhengig av frivillig arbeid og dei fleste idrettslaga vert drifta utelukkande av frivillig arbeid.

Idretten står til dels overfor dei same utfordringane som organisasjonslivet generelt i høve rekruttering og å halde på frivillige. Organisering og strukturering av lokalidretten, lange reiser og svekka rekrutteringsgrunnlag er utfordrande for idrettslaga.

4.2.4 Delmål

- Utvide tilskotsordningane knytt til frivilligheit i idretten
- Forenkla søknadsprosessar slik at det blir mindre administrasjon for idrettslaga
- Arbeide for å videreutvikle samhandling og dialog mellom idrettslaga i Vanylven og at tilboda innan idrett er allsidig og mangfaldig (t.d. fotball, friidrett, barnetrim, leikarring.)

4.3 Barn og unge

4.3.1 Overordna målsettingar

Vanylven kommune ønskjer å legge til rette for eit generelt og variert fritidstilbod for barn og ungdom også utanom idrett. Eit godt samspel mellom kommunen og frivillige, barn og ungdom sjølv, foreldre og ulike interessegrupper, er ein viktig føresetnad for eit godt oppvekstmiljø og kan utløyse mange ressursar. Kommunen ønskjer å legge til rette for trygge og inkluderande møteplassar, utan barrierar for deltaking. Her er stort rom for nye initiativ for denne gruppa.

4.3.2 Organisering og kjenneteikn

Denne gruppa inkluderer både speidargrupper og religiøse organisasjonar, samt humanitære- og friluftsgeselskap, samt kultur- og friluftsgeselskap. Det er eit stort mangfald gjennom korpsa og aspirantopplæring, barnekor, fritidstilbod gjennom idrettslag som barnetrim og leikarring.

4.3.3 Utviklingstrekk og utfordringar

Stadig færre knyter seg over lengre tid til same organisasjon. Dei som bidreg vil ofte stille opp på bestemte og tidsavgrensa prosjekt. Det er likevel nokså stabil frivillig innsats i Vanylven særskilt knytt til 4H-avdelingane. Ein har sett tendens til at lokale avdelingar til større nasjonale organisasjonar opplever at ein god del ressursar går til sentral administrasjon som ikkje fører til direkte aktivitet for barn og unge.

Dei seinare åra har det blitt etablert «frie ungdomsgrupper» som driv med bestemte aktivitetar, til dømes klatreklubb, taekwondo, barnekor og LAN. Det er ønskeleg med fleire slike initiativ, dei dekkjer gjerne på tvers av bygdelaga og skapar samhold.

4.3.4 Delmål

- Legge til rette for at organisasjonar kan få utvikle og drive egne kjerneoppgåver.
- Justere tilskotsordningar slik at dei fremjar aktivitet for barn og unge. Ved tildeling av skjønnsbaserte tilskot til lagsdrift skal kulturarbeid for barn og ungdom under 19 år prioriterast.
- Utarbeide retningslinjer for tilskot som ikkje er knytte til medlemstal åleine.
- Legge til rette for at lag og organisasjonar for born og unge samarbeider meir på tvers av bygdene i ei tid med sterkt minkande barne- og ungdomstal

4.4 Nærmiljø, natur og friluftsliv

4.4.1 Overordna mål

Friluftsliv er den største fritidsaktiviteten i Norge, og foturar i skog og mark er den suverent største aktiviteten som 2/3 av befolkninga driv med. Den frivillige innsatsen i regi av friluftsgeselskap har mykje å seie for aktivitetstiltak og tilrettelegging både i nærmiljøet og i utfartsområde.

Dei frivillige som bidreg innan nærmiljø, natur og friluftsliv kjem både frå grendalag/velforeiningar og idrettslag. Desse gjer ein stor innsats for å legge til rette for turar i utmark. Det er eit overordna mål å vidareutvikle og styrke samarbeidet mellom kommunen og frivillige innan tema nærmiljø, natur og friluftsliv. Dette gjeld samarbeidet med tradisjonelle organisasjonar og lag, men også sjølvstendig frivillige som privatpersonar, skuleklasser og andre.

4.4.2 Organisering og kjenneteikn

Naturen i Vanylven ligg særskilt godt til rette for utflukter for både store og små, sommar som vinter. Fjord, jakttereng, sykkelmoglegheiter og mange småbåthamner gjer kvalitetane innhaldsrike og tilgjengelege.

For det meste er tilrettelegging organisert gjennom grendalag, idrettslag og hamneforeiningar. Lokalt vert det teke initiativ til utplassering av benkar, skilting og stirydding. Det er nyleg gjort eit betydeleg arbeid med nytt turkart, der både frivillige og kommunen har gjort sitt.

Det er ein klar samanheng mellom deltaking i friluftsliv og graden av utdanning og hushaldningsinntekt for nær sagt alle typar aktivitetar.

4.4.3 Utviklingstrekk og utfordringar

Nærfriluftsliv er eit satsingsområde innan folkehelse og friluftsliv. Samtidig viser nasjonale undersøkingar, at barn deltek i friluftsgeselskap, men sjeldnare enn før. Vanylven kommune må difor, i samarbeid med frivillige, kome fram til løysingar for å stimulere fleire barn og unge til å bli aktive. I tillegg må kommunen vidareføre arbeidet med rydding og tilrettelegging av grøntstrukturen.

Det er i dag ikkje organisert samarbeid mellom kommunen og grendalag eller skular om enkel tilrettelegging/vedlikehald på kommunale uteområde. Det kan ligge eit potensiale og gjensidig nytte i å få til betre ordningar her.

4.4.4 Delmål

- Vanylven kommune ønskjer å få til eit tettare samarbeid mellom kommunen og grendalag/idrettslag, gjennom årlege møte og vurdere etablering av utvida tilskotsordningar for nærmiljøtiltak.
- Vanylven kommune ønskjer å stimulere til og rekruttere fleire barn og unge til å verte aktive innan natur og friluftsliv.
- Vanylven kommune vil vere pådrivar for å bremse atgroing i friluftsområda våre, og bidra til ein felles dugnad på feltet.

4.5 Lokalsamfunnsutvikling

4.5.1 Overordna mål

Grendalaga og velforeiningane utgjer på mange måtar berebnelken i frivillig arbeid i krinsane våre saman med idrettslaga. Desse laga er kjende og har innarbeidde organisasjonsformer, og i bygdene er det ei generell forståing for å ta «sin tørn» i styre og komitéar år om anna. Det er eit mål å styrke grendalag og velforeiningar til å omstille seg til nyare tider og aksle andre oppgåver i ei tid med endra busetnad og meir prosjektretta engasjement. Det er også behov for kompetanse på område som eigedomsforvaltning og prosjektstyring, og det er i mange samanhengar naudsynt med betydeleg kompetanse på sosiale media, marknadsføring og økonomi for å styrke engasjement og aktivitet.

4.5.2 Organisering og kjenneteikn

Alle krinsane, både bygdesentra og lokalsentra, har grendalag. Laga består av eit styre, og er i mange samanhengar også prosjektgruppe ved ymse arrangement. Berre unntaksvis er grendalaga paraplyorganisasjonar for den samla frivillige aktiviteten i krinsen, men det finst unntak. Dei fleste har vedtekter eller har på andre måtar formalisert sin aktivitet. Det vert halde årsmøte og gjennomført val.

4.5.3 Utviklingstrekk og utfordringar

Det er redusert vilje til å ta på seg styreverv og i mange krinsar er det slitasje på ressurspersonar, som i mange år står i leiaryrv. Grendalaga er likevel ein veldig viktig kulturberar i krinsane og utan deira innsats som vert lagt ned der, ville Vanylven sitt kulturtilbod vore langt svakare, særskilt knytt til rolla som fasilitator for møtestader – bygdekveidar, jonsokfeiringar og andre tilstellingar som skaper sosialt lim og lokal identitet.

Litt av utfordringa ligg nok i at aktiviteten er knytt opp mot grendahus, og etter kvart som bygdene har redusert busetnad, vil ein naturleg konsekvens vere at å fylle grendahusa med aktivitet krev relativt meir. Det vil opplevast som eit tap å avvikle etablerte aktivitetar, men tilbodet vert fragmentert, arrangement kolliderer og det krevst både vedlikehald og annan dugnadsaktivitet knytt til fem bygg. Ressurspersonar vert resirkulerte. Kvaliteten vert svekka. Nye krefter vil arbeide på andre måtar, men omstillinga let vente på seg.

4.5.4 Delmål

- Avdekke kompetansebehov i grendalag og velforeiningar, og bidra til gjennomføring av relevante kurs, gjerne basert på innmelde behov
- Drøfte nytten av «paraply»-organisering av lag og foreiningar i krinsane, og gjere ei vurdering av langsiktig berekraft med dagens grendalags-struktur

4.6 Levekår

4.6.1 Overordna mål

Vanylven kommune sine tenester på levekårsområdet har som mål å bidra til at kvar person får høve til å leve og bu sjølvstendig og til å ha eit aktivt og meningsfylt liv i fellesskap med andre. For å nå dette målet ønskjer Vanylven kommune å spele på alle ressursar rundt kvar einskild individ, inkludert supplement frå frivillige lag og organisasjonar.

4.6.2 Organisering og kjennetegn

Det er mange frivillige som er knytt til alders- og sjukeheimane, men talet varierer. Aktiviteten er i stor grad uorganisert og består av vener og kjende, naboar, pårørande, Røde Kors, tidlegare tilsette eller andre. Mange stader er frivillig innsats på levekårsområdet organisert gjennom frivilligsentralar. Deira tilstedeværelse kan ha ei vesentleg rolle på fleire område, t.d. bidra til at brukarar meistrar sin livssituasjon, sjå nye grupper og oppdage nye behov som ikkje vert sett av det offentlege og bidra til at pasientar meistrar breidda av utfordringar i sin livssituasjon

4.6.3 Utviklingstrekk og utfordringar

Det er primært religiøse lag og foreiningar som har stått for denne delen av frivillig innsats på levekårsområdet. Aktiviteten innanfor typiske kvinneforeiningar og kristne lag er på retur. Det er elles vanskelegare å få folk til å forplikte seg både på tidspunkt og omfang av innsatsen no enn tidlegare. Det er framleis ei stor gruppe som legg ein betydelig del av fritida si til frivillig arbeid på levekårsområdet, men det kan verke som om det er ei veksande gruppe som krev fleksibilitet og råderett over eigen innsats i større grad enn tidligare, anten det er snakk om følgjeteneste, besøksteneste eller annan innsats for eldre og trengande. Utfordringa er å stimulere, motivere og ikkje minst engasjere menneske som av ulike årsaker ikkje deltek i frivillige aktivitetar.

4.6.4 Delmål

- Bidra til betre rekruttering og kontinuitet av frivillige på levekårsområda. Andelen vaksne som yter frivillig innsats innan levekår er betydeleg mindre enn på for eksempel kultur- og idrettsområda. Frivillige lag og foreiningar kan styrkast ved å fokusere på mangfald blant frivillige. Mangfald skaper moglegheiter for å tenke annleis, sjå nye moglegheiter og løysingar, og motivere breiare og tiltrekke fleire frivillige.
- Kunnskap om frivillige sine ambisjonar for levekårsområdet. Samarbeidet mellom kommunen og frivillige organisasjonar fungerer bra, men kan bli betre, spesielt på levekårsområdet. Manglande kunnskap og innsikt om innsats og behov kan vere ein barriere for samarbeidet. Det er eit mål å utvikle gode møteplassar, der dette blir løfta fram og drøfta.

HANDLINGSPLAN 2018/2019

Nærdemokrati og borgarinvolvering

Tiltak og føremål

Informasjonsarbeid - utan god informasjon: ingen engasjement.

Handling

Mikromagasinet som rådmannen gir ut intern i organisasjonen skal også kunne publiserast til innbyggjarane, gjennom t.d. sosiale media og i papirversjon på t.d. legekantor. Politikarane kjem med innspel til innhald.

Aktiviteten i bygdelaga vert synleggjort gjennom kommunen si nettside, dette gjer slik informasjon også tilgjengeleg for t.d. tilflyttarar.

Årleg møte med bygdelaga, annankvart år felles møte på våren, annankvart år møte ut i bygdelaga. Blir ein sentral arena for bygdelaga til å ta opp tema som er aktuelle i bygdene og for kommunen til å kunne hente inn innspel i arbeid med t.d. plan- og utviklingsarbeid.

- bygdeutvikling, tilskotsordning frå Havbruksfondet vert levert som eiga sak.

Gjennomføring

2019

Ansvar

Rådmannen/politikarane

Tiltak og føremål

Arena for borgarmedverknad og stimulering til aktive bygdelag.

Handling

Bygdelag skal involverast i plan- og styringsprosessar. Administrasjonen utarbeidar rutine og malar for styringsdokument og handlingsplanar.

Kommunestyremøte vert sendt direkte via kommunen si Facebook-side, KORTversjonane av politiske møtedokument skal gjere det enkelt å få innblikk i det politiske systemet.

Ungdomsrådet blir representert på kommunestyremøta med to medlemmar frå ungdomsrådet med møte- og talerett. Det vert stimulert til bygdeutvikling, tilskotsordning frå Havbruksfondet vert levert som eiga sak.

Gjennomføring

2019

Ansvar

Rådmannen/politikarane

Frivilligheit

Tiltak og føremål

Informasjonsarbeid - Aktiviteten i lag og organisasjonar vert systematisert og synleggjort gjennom kommunen si nettside, dette gjer slik informasjon også tilgjengeleg for t.d. tilflyttarar og målgrupper som ofte fell utanfor.

Handling

Etablere portal for oversikt på fritidstilbod i kommunen, www.vanylvenfritid.no, og aktiv kommunikasjon av BUA.

Gjennomføring

2018

Ansvar

Kulturkontoret

Tiltak og føremål

Dialog og samhandling mellom kommunal og frivillig sektor.

Handling

Arrangere årleg fellesmøte på hausten. Årleg møte med bygdelaga, annankvart år felles møte på våren, annankvart år møte ut i bygdelaga. Blir ein sentral arena for bygdelaga til å ta opp tema som er aktuelle i bygdene og for kommunen til å kunne hente inn innspel i arbeid med t.d. plan- og utviklingsarbeid. Eigne dialogmøte med enkelte organisasjonar som ber om det.

Forenkling av søknadsprosessar om tilskot, med tydelege rutineskilddringar og oversikt på kommunen si nettside.

Kommunen skal i 2019 vurdere bruk at regionalforvaltning.no.

Gjennomføring

2019

Ansvar

Kulturkontoret

Andre tiltak:

Vanylven kommune har ikkje frivilligsentral, og ev. etablering av dette vert å vurdere i eiga sak, gjerne i dialog med etablerte tiltak som t.d. Møteplassen.

Ansvar

Kulturkontoret

Dersom det er uavklarte tilhøve omkring leige eller overtaking av t.d. nedlagde skular, bør dette setjast på agendaen med mål om avklaring i løpet av 2019.

Ansvar

Teknisk

